



## **AKTIVITETSRAPPORT FOR ROTARY-ÅRET 2021-22**

**KOMITE / ROLLE: AG 1.**

**RAPPORTERT AV: Kjell Andreas Heskestad**

**DATO:** 30 juni, 2022

Rotaryåret i AG 1 område har vore allsidig. Alt frå nedstenging av klubbmøter til hummerfest i Sokndal Rotaryklubb.

Klubbane har takla koronatida på forskjellige måter, men fleirtallet har hatt mindre aktivitet grunna dei reglar som vart innført i desember med ny bølge smitte.

Nokre av klubbane har hatt digital og hybridmøter og har fått dette til med ofte enkle midler. Andre har satt møtene på vent til det ikkje var fare for smittespredning.

Det har blitt arr. fleire jubileum i rotaryåret. Sokndal arr. sykkeltur i lag med Lund i september og elles har det skjedd diverse andre arr. i området.

Loppemarkedet for Lund og Sokndal ble avlyst i rotaryåret. Dette er eit stort PR stunt for Dalane regionen og her må det jobbast for å ta igjen tapt terrengr.

Halvparten av guvernørsmøtene vart som var planlagt før nedstenginga, ble gjennomført.

Det stod igjen 5 møter og etter fleire dato flyttinger, ble også desse gjennomført.

På desse besøka har det blitt gjennomført opptak av nye medlemmer, noko som alltid er positivt.

Dersom ein ser framover, er det i alt 7 klubber (av 10) som får kvinnelige presidenter i det nye rotaryåret. Det er ein spanande utvikling, noko som bør brukast for å bryta ned gamle myter.

Når det gjeld medlemsutvikling, føle AG at i ein del klubber blir dette ikkje tatt skikkelig tak i.

Det virke fortsatt at det er ein holdning at nye medlemmer MÅ ha ein leiane stilling i yrkeslivet, noko som er feil oppfatta. For ein klubb må det vera like viktig å få inn eit medlem som sit i kassa på KIWI, som ein kommunalsjef. Nøkkelen er at personen må tenke og oppstre som ein rotaryaner.

Dersom ein kan tenka slik, vil det vera eit større potensiale å få inn fleire medlemmer i klubbanane og miljøet kan bli endå meir spenstig og innkluderande. Også fleire av nye landsmenn og kvinner burde fått tilbud om å bli medlemmer. Så her må det oppfordrast å tenka brett når nye medlemmer blir invitert.

Når det gjeld Distriktskonferansen og PETS får dei terningkast 6. Veldig gjevande og nyttig.

PRE PETS og vårmøte viste at det var mange som var gira til å gjera ein jobb. Det er viktig å læra av andre og dela erfaringer.

Det har utarta seg eit godt samarbeid over år mellom AG 2 og AG1 og ser fram til vidare felles møter på dette nivået.

Takker elles guvernør for eit framifrå godt samarbeid.